



SELSTAD med lokasjon i Uskedalen kan syna til rekordomsetnad i 2018. No treng verksemda nye medarbeidarar. Arkivfoto frå opninga av servicestasjonen i Uskedalen.

Måløyverksemda SELSTAD med servicestasjon mellom anna i Uskedalen har levert rekordsomsetnad i seks strake år og 2018 vart det sjuande i rekkja. Omsetnaden i år vil auka med om lag 20 %. No treng verksemda fleire medarbeidarar og har mellom anna ledige stillingar innan eksportsal innan fiskerredskapar.

Dagleg leiar i SELSTAD, Hans Petter Selstad, fortel til avisa Fjordenes Tidende at i løpet av dei siste fem åra har verksemda dobla omsetnaden. Med dobla aktivitet treng SELSTAD fleire medarbeidarar. I inneverande år har verksemda tilsett 12 nye og i opstarten av 2019 må talet aukast med seks medarbeidarar.

Selskapet har levert overskot før skatt på over 20 millionar kroner kvar av dei siste to åra. Havbruksnæringa er i vekst. Dette gjeld særleg innan fiskeri. Sjømat har vore ein sterk marknad dei siste åra. Når markanden går godt, slår det positivt ut for SELSTAD.

Verksemda har tilsaman 160 tilsette. Halvparten av dei har arbeidet sitt i Måløy. Resten er fordelte på lokasjonar langs heile kysten. Uskedalen ligg strategisk til ytterst i Hardangerfjorden og fangar opp mange av oppdretssanlegga i Hardanger og Sunnhordland.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal